

Åsen (gnr. 38)

Gardsbruket Åsen i Ål finn vi først omtala i lista over Kvegskatten i 1657. Brukaren da heitte Amund Åsen, og buskapen hans var 1 hest, 8 naut, 4 geiter og 10 sauer, så Åsen var kome vel ut over nyrydningsstadiet. Namnet på garden kjem sikkert av naturnamnet åsen, som er tatt i bruk som gardnamn.

I Mannkjønnsmanntalet av 1665 er det vidare fortalt at egentleg heitte brukaren Amund Trondsen Åsen, og han var da 60 år. Det er vidare opplyst at han hadde ein son som heitte Trond og var 20 år. Trond-namnet hørde altså til der på garden.

Tre år seinare kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om garden Åsen i Ål fortalt at brukaren framleis heitte Amund, og landskylda av garden hans var 3 kalvskinn eller 1 pund smør. Vidare går det fram at Amund var ikkje sjølv eigar av Åsen. Garden var krongods og hørde til "Kongen aleene", som det er uttrykt. Elles er det og fortalt at enga, innmarka på garden, var god, og at det var skog nok til gards bruk. Buskapen av store husdyr var også da 1 hest og 8 storfe, og Åsen hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Nysetra.

Etter atter tre år er det i 1671 opplyst at Åsen hørde med i 8. legd av kaptein Georg Reichweins kompani saman med gardane Balberg, Besserud og Gurustad. Da det i 1790 vart delt ut 24 nye børsar til folkevæpninga i Fåberg, var Trond Amundsen Åsen blant dei som tok imot den eine.

Eit dokument som viser tilbake i tida, er utskrift av eit skifte på Åsen den 22. okt. 1683. Mor til Amund Trondsen, Tora Bjørnsdtr. gift med Trond Amundsen, var død, og det var skifte på "Aasen i Faaberg". Av dette skiftet går det fram at Amund Trondsen, som vi alt kjenner noko til, hadde 4 søsken: Torgeir, Oluf, Berte og Karen, og at det var Amund som var eldst.

I 1716 hadde det vore brukarskifte og truleg ætteskifte på Åsen. – Asbjørn Asbjørnsen let da tinglese sitt "skjøte på en gårdeplads kaldet Aasen av skyld 3 skind, som han hadde kjøpt av sin bror Ellef Asbjørnsen". Frå to år seinare er elles ei tinglyst semje mellom Asbjørn Asbjørnsen og korporal Amund Trondsen om overtakinga av garden Åsen. Semja gjekk ut på at Amund Aasen med hustru "skulde nyde føderåd av grd. Aasen, nemlig an ager kaldet Øvreageren, hvorpå kan saaes 1 sold korn, og et engeland kaldet Skaarsveen". Asbjørn Asbjørnsen heldt fram som brukar av Åsen, og i 1722 fekk Asbjørn også kgl. odelsbrev på odelsretten til garden Åsen.

Året etter kom det nye matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er dei naturlege tilhøve især for åkerbruk i Åsen skildra nokså mørkt. Det er nemleg fortalt at garden ligg i "Baglien og er tungvunden. Jordarten er slet og frostlent samt noget aarvant." Årvant tyder her sikkert det motsatte av årviss. men alt var da ikkje så mørkt som det her er skildra. Det var skog i Åsen til brennevud og gjerdefang og litt til hustømmer. Dessutan var setra til garden ei god hamnseter. Husdyrhaldet på garden var da 1 hest, 6 naut, 8 sauer og 7 geiter, og den årlege høyavlinga var kring 10 lass. Det er elles opplyst at det årleg vart sådd ca. 2 ½ td. bygg. Eigar og brukar av garden var da Asbjørn Asbjørnsen.

Men i 1725 var Asbjørn Asbjørnsen død, og garden Åsen vart seld ved auksjonsskjøte til Maren Sophie, Sølfest Mortensen Sundgaardens hustru, for 162 rd. I samband med handelen lånte Sølfest Mortensen og hustru Maren Sophie 111 rd. av Ole Thierne i Ringsaker. Dei

hadde altså samband med kjent folk også utanfor Fåbergs grenser, truleg fordi at Sølfest var fergemann ved Fåberg øvre sund, der det i den tid var stor ferdsle, også av utanbygds folk.

Etter dette vart så garden Åsen under skiftande tilhøve brukt heilt eller for ein del, saman med Sundgarden i lange tider. Alt i 1730 selde såleis Sølfest Mortensen halvparten av pl. Åsen av skyld 1 ½ skinn til Lars Ellingsen for 100 rd. To år seinare lånte Sølfest Mortensen Sundplassen 220 rd. av sorenskrivar Mogens Winsnes og pantsette da sin halvpart av Åsen av skyld 1 ½ skn. som trygd for kapital og renter. Året etter, altså i 1733, gav elles Lars Ellingsen, som da budde på Lunde, skjøte til Sølfest Mortensen og arvingane hans på den halvdelen av Åsen som Lars før hadde kjøpt. dermed åtte altså Sølfest Mortensen atter Åsen samla, Åsen av skyld 3 skinn, som i 1730. Samtidig med dette budde det så andre som hadde heim og huslyd på Åsen, og som arbeidde ved den daglege drift der. Den 25. febr. 1731 var det såleis dåpsbarn på garden, og veslejenta vart døypt og kalla Kari. Far hennar er i kyrkjeboka innført med namnet Ole, Ole Åsen.

Frå 1741 er ei sak som tydeleg fortel at garden Åsen kunne vera ille utsett for nattefrost. Ei samantrengt utskrift av saka har elles denne ordlyden: "Åsen i Fåberg. 15. febr. 1741. Maren Sophie Aasen, den gamle og svake underoffiser Sylvest Mortensøns hustru, beklaget sig over den store motgang og vanheld som i 5 års tid er overgått henne, særlig ved at kornhøsten på hennes plass Aasen, skyld 3 skind, som ligger høit tilfjelds, er aldeles slått feil og fordervet av kulde. Hun må derfor søke medlidende kristne om hjelp. Bekreftes av Nils og Thomas Skjeggestad. Herom begjærtes tingsvidne."

Men i 1747 selde Sølfest Mortensen atter garden og gav skjøte til prokurator Sr. Michael Nimb på Lillehammer og ungkar Ole Friderichsen Sundgaarden på "Gaardepladsen Aasen som skylder med bøxel og herlighed 3 skind for sum 200 rd." Kjøparane skulle dessutan svara føderåd til seljaren og hustru for levetida. I samband med denne handelen søkte prokurator sr. Nimb foged Chr. Pram og fekk ein bevillingsseddel som gjaldt Nysetra. Saka er elles etter utskrift referert slik: "Aasen. Bevillingsseddel dat. 17. febr. 1749 tingl. 16. juni s.å. da prokurator sr. Michael Friderich Nimb har tilforhandlet sig gaarden Aasen i Aalsbøigden i Faaberg prestegjeld og forlanger at samme gaards sedvanlige seterbol paa Nye Sæter Stulen maatte igjen der bli underlagt, saa bevilger foged Chr. Pram ham at han maa havne med sine kreature paa Nye Sæteren og der rydde og ind hegne, at derav med tiden kan for 1 lass hør av den allerede opryddede sæterløkke, hvorav han aarlig bliver 2 s. ansvarlig."

Prokurator Nimb og Ole Sundgården hadde så Åsen saman til i 1757. Da gav sr. Nimb skjøte til Ole Sundgården på sin halvdel av grd. Åsen, Åsen av skyld 1 ½ hud, for kjøpesum 117 rd. Dermed åtte altså Ole Fr. Sundgården atter Åsen samla, Åsen av skyld 3 skinn. I samband med denne handelen lånte Ole Sundgården 200 rd. av Erik Pedersen Sørhove mot årleg rente 4 % og 1. pr. pant i grd. Åsen av skyld 3 skn.

Ole Fr. Sundgården hadde så Åsen av skyld 3 skinn til i 1767. Da gav han skjøte på halvparten av garden, Åsen av skyld 1 ½ skn., til Hans Thomasen Skjeggestad for sum 300 rd. Men 5 år seinare handla Ole Sundgården og Hans Skjeggestad atter om pl. Åsen, og da slik at handelen av 1767 vart annullert, og Ole Sundgården atter åtte Åsen av skyld 3 skinn samla. Frå denne tid er det elles opplyst at i 1762 budde ektefolka Kristen og Mari i Åsen. Dei hadde barnedåp og fekk døypt sonen sin Rasmus. I 1770 var det barnedåp hos to huslydar i Åsen. Ektefolka i den eine huslyden heitte Kristen og Guri og i den andre Ole og Marit.

Ole Fr. Sundgården hadde Åsen også i 1777. Han lånte da 177 rd. av Iver Smestad og 200 rd. av Peder Sørhove mot pant i Aasen av skyld 3 skinn. Ti år seinare var det i 1787 sonen Fredrik Olsen som hadde tatt over og brukte "Sundgaarden med pl. Aasen". I 1796 er det vidare opplyst at foreldrepåret Peder og Ragnhild budde v/ Aasen. Under folketellinga i 1801 var det derimot berre ein familie som budde på "Aasen": Det var: 1. Peder Ellefsen, husbonden, 43 år, 2. Mari Jensdtr., kona hans, 25 år, 3. Torger Pedersen, son deres, 6 år, 4. Mari Pedersdtr., dotter deres, 1 år.

Åtte år seinare gav i 1809 Fredrik Olsen skjøte til sonen sin Ole Fredriksen på Sundgården av skyld 6 skind med "underliggende plads Aasen av skyld 2 skind for 1000 rd." og dessutan føderåd til faren Fredrik Olsen. Åsen vart så brukt under Sundgården enda i mange år. Men i 1838 gav så enka etter Ole Fredriksen, Marit Jensdtr., skjøte på Åsen til Hans Olsen, som i 1843 selde ein parsell av garden, skyldsett til 4 ort 16 skill., vidare til Peder Asbjørnsen Skårset. Etter atter to år selde så i 1845 Hans Olsen Sundgaarden, som han da er kalla, også ein parsell av garden, Aasen av skyld 4 ort 8 skill., til Peder Arnesen Kløven.

I samband med folke- og jordbruksstillingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Om Åsen i Ål er da fortalt at løpenr. 149 Aasen var delt i 3 bruk, men at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på dei 3 bruk tilsaman utgjorde 186 mål, og av dette var ca. 30 mål jord av 1. klasse. Av landbruksstillingane går det elles fram at buskapen på nordre Aasen var 1 hest, 5 naut og 11 sauer, og på søre Aasen 1 hest, 4 naut og 6 sauer. Vidare er det oppgitt at utsæden av korn og poteter var: På nordre Aasen: 2 1/8 td. korn og 3 1/2 td. settepoteter, og på søndre Aasen: 2 1/8 td. korn og 2 1/2 td. settepoteter.

Peder Asbjørnsen Åsen brukte garden til i 1876. Da gav han skjøte til Peder Olsen Nordlien på grd. Åsen for kjøpesum 200 spd. + føderåd av 5-årleg verdi 100 spd. Men Peder Olsen hadde garden berre i 2 år. Da selde han Åsen vidare til Kristen Kristiansen for kjøpesum kr. 1600,- og i dei nye pengar som i mellomtida var kome i bruk.

I 1886 kom den lenge førebudde nye, norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gardsnummer og bruksnr. og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Garden Åsen i Ål fekk da gardsnr. 38 av samla skyld 3,57 mark, og det var alt da 4 bruksnr. under gardsnr. 38. Det var: a. Gr.nr. 38, br.nr. 1 Aasen, av skyld 0,67 mark, med Karen Hansdtr. Sundgaarden som eigar ell. brukar, b. br.nr. 2 Aasen, skyld 1,34 mark, eigar ell. brukar: Kristen Kristiansen, c. br.nr. 3 Aasen, skyld 1,45 mark, eigar ell. brukar: Ole Pedersen, d. br.nr. 4 Aasen av skyld 0,11 mark, eigar ell. brukar: Olaus Hansen Skjellerudsveen.

Etter ajourført matrikkel i 1904, var det da skjedd dei skifte at Hans Sundgaarden hadde br.nr. 1 Aasen av skyld 0,90 mark, og Petter Olsen hadde overtatt br.nr. 3 Aasen av skyld 1,45 mark. Av handlar med Åsen og parsellar av Åsen i seinare tid tek vi elles med at i 1913 kjøpte Petter O. Aasen br.nr. 3 Aasen, da av skyld 1,44 mark, og buntmakar M. Ring kjøpte br.nr. 6 Aasheim av skyld 0,01 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 vorte 6 bruksnr. under gardsnr. 38 Åsen. Av desse 6 bruksnr. var det likevel berre 4 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 38, br.nr. 1 Åsen, jordbruksareal ca. 12 mål, eigar og brukar Olaf Kjølgaard, b. Br.nr. 2 Aasen, areal ca. 65 mål, eigar og brukar: Mathias Aasen., c. Br.nr. 3 Nordre Åsen, areal ca. 55 mål, eigar og brukar: Bernt Erlandsen, d. Br.nr. 4 Aasen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Ivar Aasen.